

200 dekar er dyrka i Uskedalen dei siste fem åra.

05.06.2019



Den siste dyrkinga finn vi i Friheim, øvst i Uskedalen.

Dei siste fem åra er det dyrka 200 dekar i Uskedalen. Dette gjeld dyrkingsfelt frå Rød til Fjellandsbø. Det er utskrive mange løyve. Ikkje alle er ferdigstilte. Det er Tore Eik, fagansvarleg på Landbrukskontoret, som fortel dette til Uskedalen.no. Deler av areala er overflatedyrka. Mykje er fulldyrka.

I mars månad skreiv Uskedalen.no om dyrkinga på Haugland der Lars Haugland vinn nytt land, om lag 10 dekar på bruket tilhøyrande Margot Haugland. I dag er det meste klargjord og isådd. Eit restareal står att, der ein manglar stein- og fyllmassar.

Hans Reidar Kjærland, leiar i Uskedal Bondelag, er godt nøgd med den store aktiviteten med dyrking i landbruket i Uskedalen. Han gjer oss merksam på dette med skilnaden på fulldyrka og overflatedyrka. Dersom det ikkje er djupne for pløying, snakkar ein om overflatedyrking. Med fulldyrking er det nok mold til at ein kan pløya utan å få opp for mykje stein. Noko er dyrka før, men vert no dyrka på nytt.



Store deler av nydyrkinga på Haugland (Longerabben) er ferdigstilt og isådd.

Til denne dyrkinga på 200 dekar dei siste fem åra finn vi mellom anna desse plassane:

- Indre og yre Rød
- Haugland: Både Hauglandsheio, Hauglandsholmen, Gravene og Longerabben
- Friheim og Fjellandsbø
- Øvre Fet

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal